

Uskedal sokneråd

Årsmelding 2020

Soknerådet

Sigmund Myklebust	leiar
Eli Roseth Eik	varaleiar
Kristian Bringedal	skrivar
Liv S. Eik	kasserar

Varamedlemer:

1. Hallgeir Snilstveit
2. Arne Møller
3. Einar Gjertsen
4. Kåre Magnus Rød
5. Frode Seim

Hallgeir Snilstveit har møtt fast på soknerådsmøta.

Medlem i Fellesrådet: Eli Roseth Eik med Sigmund Myklebust som vararepr.

Møte

Soknerådet har hatt 7 møte og handsama 21 saker

Kjersti Brakestad Boge var medlem i SR fram til Carsten Mrusek tok til i stillinga som sokneprest i Uskedalen, Ænes og Åkra.

Viktige saker i arbeidsåret 2020

- Årsmelding og rekneskap 2019
- Val av leiar og nestleiar for 2020
- Årsmøte i soknet
- Gjennomgang av referat frå møta i Fellesrådet
- Halvårsplanar med oversikt over gudstenester, konsertar, og soknerådsmøte
- Gudstenestelister, kyrkjevertar og fordeling av offergåver

- Deltaking på: Nyttårsmottaking i Nysæter kyrkje, medarbeidarfest i Valen kyrke.
- Informasjon om konfirmantarbeidet
- Det er rigga nytt høgtalaranlegg
- Støtte til konfirmantleir – ingen påmelde frå Uskedalen

Tal: Gudstenester, konsertar, salmekveldar og andre samlingar

- Gudstenester: 15 (Medrekna friluftsgudsteneste på Skorpo)
- Lysmesse: 1
- Salmekveldar: 2
- Konsertar: 3
- Open kyrkja: 1 (Covid 19 stiuasjonen)
- Soknerådsmøte: 7
- Konfirmantar: 14
- Fasteaksjonen: Gjennomført digitalt
- Liturgimøte: 1
- Representasjon: 2 medlemer møtte på Prostidag i Nysæter kyrkje
- Påskevandring for born i barnehagen.
- Dåps gudstenester

Arrangement som gjekk ut grunna Covid 19:

- Temakveld vår og haust
- Planlagd gudsteneste m/ middag for eldre
- UMRED kveld
- Konfirmantfest

Samla vurdering

Soknerådet kan syna til eit arbeidsår med høg aktivitet, mange tilskipingar trass den spesielle situasjonen med Covid 19. Det har vore frammøte som forventa på gudstenester, konsertar og salmekveldar. Dette gjeld særleg på høgtidsgudstenester og på gudstenester med dåp. Tiltak i trusopplæringsprogrammet er

gjennomført etter oppsett plan. Soknerådet har eit godt samarbeid med kyrkjekoret Nordsaang, kvartetten ÆRE og kantoren Eva Megyesi, trusopplærarane, tilsette på Kyrkjekontoret og Fellesrådet. Hobbyklubben er nedlagd. Singing Tweens i regi av Sundagsskulen held fram. Koret har også vore med på gudstenester. Konfirmantane har til tider vore kyrkjevertar. Soknerådet har vore med på alle felles samlingar i regi av Kyrkjekontoret. Det gjeld også samlingar Prosten i Sunnhordland har invitert til. Soknerådet var med i tilsetjing av Carsten Mrusek som sokneprest.

Arbeidsplan for 2021

- Halda fram arbeidet med konsertar, salmekveldar og temakveldar
- Deltaking i drøftinga om felles liturgi i Kvinnherad og tilpassingar i høve til liturgisk musikk i kyrkja
- Forvaltaransvaret: Saman med Kyrkjekontoret sjå til at kyrkja, bårhuset, kyrkjegarden med gjerde og elles uteområde vert vedlikehalde og ivareteke på ein god måte
- Fylgja arbeidet og støtta Misjonsprosjektet Barneheim i Umred, India
- Stø og leggja til rette for eit aktivt og innhaldsrikt gudstenesteliv

Økonomi

Soknerådet har pr. 01.01.2020 kr. 64.837,- på konto.

Fasteaksjonen vart gjennomført digitalt

Samla offergåve: kr. 10.870,- (2019: kr. 27.690,-)

Statistikk:

Sjå Årsstatistikk for Den norske Kyrkja – Uskedal sokn.

Kristian Bringedal (skrivar)